

Reisebrev frå Berlin

Av Sigurd Arnekleiv Bækkelund



Vi er framleis litt for morgontrøytte til å lese T-bane-kartet i Berlin, vi som har kome med morgonflyet. Det er måndag veka før påske, tre studentar og to faglærarar frå Universitetet i Oslo har teke turen ned for å vere fire dagar saman i Berlin. Turen har fått stønad frå Institutt for litteratur, områdestudium og europeiske språk (ILOS) og Den norsk-tyske Willy Brandt-stiftinga. Turen går føre seg i regi av emnet Berlin – storbyens litteratur og kultur. Og storby er vi, litt etter litt, klare for. Kaffien byrjar omsider å verke, vi har klart å baske til oss kvar vår vekebillett frå billettautomaten på flyplassen, og koffertane vi har raska med oss i morgonørska er mest sannsynleg våre egne. Vi går mot S-banen. Endeleg er vi i gang.

Alt frå vindaugget på S-banen kan vi skimte korleis Berlin er ein by med lange, historiske konfliktlinjer: Først ser vi dei modernistiske bygga frå Gropiusstadt, som blei bygd då byen enno var delt i aust og vest, deretter forbi dei stadig dyrare leigegardane i Neukölln, der gamle bebuarar, slik vi møter dei i Judith Herrmans *Vi skulle fortalt hverandre alt*, blir fortregnde til fordel for festglade innflyttarar, og utan å vite det, kryssar vi den usynlege grensa mellom aust og vest, Muren, som i sin tid sørgde for at ingen kunne reise gjennom den tyske hovudstaden nett slik vi gjer no.

For Berlin er ein by i stadig forandring: Sjølv sjekkar vi inn i ei gamal *Plattenbau*-blokk. Inne er det som om møblementet knapt har endra seg sidan DDR, men kikkar vi bak tyllgardinane, kan ein sjå nybygga reise seg langs Spree, som var ein av dei gamle grensane då Muren delte byen.

Stadig endring

Reknar vi etter dei offisielle bygrensene, er Berlin den største byen i heile EU. Men sjølv med ein folkesetnad på same storleik som fleire europeiske land, blir hovudpersonen i *Was bleibt?* av Christa Wolf overraska når ho kjem i samtale med ein faktisk berlinar, eine *Urberlinerin*. Normalen, også i litteraturen, verkar å vere det motsette: Å flytte til Berlin frå ein anna stad i landet er nærmast for klisjé å rekne. Mange av innbyggarane kjem utanfrå òg: Nærmare 30 prosent av folkesetnaden, over ein million, har innvandrarakgrunn. Nokre av dei møter vi på pensum: Wladimir Kaminer har skrivne boka *Russerdisko* om dei opp mot 250.000 russarane som bur i den tyske hovudstaden, medan Jenny Erpenbecks *Går, gikk, har gått* handlar om møtet mellom asylsøkarar og ein fastbuande i Berlin på 2010-talet.

Ein av dei meir spesielle innflyttargruppene finn ein om ein dreg til restauranten *Ständige Vertretung*. Han er eit insider-tip i Berlin: Då Tyskland var delt i aust og vest, hadde ikkje dei to landa ambassadar, men konsulat i motparten sin hovudstad – Ständige Vertretungen. Mange rhinlendarar tok det tungt at hovudstaden blei flytt frå Bonn i Rhinland til Berlin då landet vart sameind i 1991. Konsulata blei lagde



ned, vesttyskarane var ikkje lenger representerte. Heldigvis fekk nokon den lyse ideen å opne ein restaurant med same namnet, og han er vesttysk – eller nærmare bestemt rhinlandsk i eitt og alt: Langsetter veggane heng det karikaturar av kjende vesttyske politikarar, vitsar, avisklipp – eit lite stykke anarki langs byelva Spree. Sjølv gler vi oss òg over ein annan spesialitet: Dei tradisjonelle Kölsch-glasa er små, men straks dei er tomme, får vi påfyll – heilt til vi finn ut at vi berre kan seie stopp ved å setje ølbriketten på glaset. Ikkje rart køa inn er lang.

Kölsch og quiz

Men det er jo ikkje kölsch vi har kome for, men for å lære om litteratur og historie. Eigentleg kjem vi på eit perfekt tidspunkt. Noreg er hovudland på den store bokmessa i Leipzig, som har opp mot 300.000 gjestar. Sjølv om vi ikkje rekk innom Leipzig denne gongen, merker vi det i Berlin òg. På Dussmann, bokhandelen på fem etasjar midt i byen, står det eigne hyller vigde norsk litteratur. Slik var det òg då eg studerte her for nokre år sidan: «Skandinavische Literatur ist in aller Munde», forklarte tysk læraren min meg, og ville diskutere Knausgård. Det er han visst framleis.

No er det Vesaas som gjeld, forklarar Rüdiger Alms oss når vi vitjar Den norske ambassaden sørvest for Tiergarten. Bakgrunnshistoria er spesiell: Forlagsmedarbeidaren Sebastian Guggolz slutta vann 250.000 euro i eit spørjeprogram på TV. Det blei byrjinga på eit lite forlagseventyr. Der andre ville ha investert i eit større hus eller ein sportsbil, starta Guggolz opp eige forlag. No kjem det ut litteratur av nordiske og austeuropiske toppforfattarar i kvalitetsutgåver. Ei av dei flottaste lyser opp mot oss frå butikkvindauget på Dussmann: *Frühlingsnacht – Vårnatt* (1954).



Arkitektursafari

Frå ambassaden tek vi oss nedover Tiergarten til Philharmonie Berlin, Hans Scharouns lekne konsertsal frå 1960-talet. I den luftige foajeen kan publikum kome inn på gratiskonsertar og få ein billeg chili con carne i tillegg, om dei er heldige. Ut vindauget ser vi bilane køyre inn mot Berlins mest ikoniske knutepunkt, Potsdamer Platz, der arkitektgenerasjonane etter Scharoun har freista overgå han. Rett nok har dei fått det til i høgda – kanskje har dei teke Joseph Roth på ordet, forfattaren som

hevda at skyskraparane var sjølv uttrykksforma for det 20. hundreåret, der dei raga opp som Babels tårn? Godt mogleg, men arkitektane har gløymd det viktigaste: Å skape ein møteplass for menneske. 35 år etter at Muren fall kjenst det framleis som ei form for Ingenmannsland når vi går over plassen, trass i at det er reist ei rekke høghus og betongbygg i mellomtida.

I staden tek vi turen nokre hundre meter frå Potsdamer Straße, til Neue Nationalgalerie. Der har arkitekt Mies van der Rohe fått til det arkitektane ikkje fekk til på Potsdamer Platz – den delen av bygget som stikk opp over bakkenivået er ein svær, kvadratisk stål- og betongkonstruksjonen, og sjølv om han er massiv, ser han ut til å sveve ut i lause lufta.